



Helse Fonna v/
klinikkdirektør Laila Nemeth
samhandlingssjef Kari Ugland

Dato: 05.11.2014
Vår ref.: 2014/557-77
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

Oppnemning av representant og vararepresentant til brukarutvalet til Helse Fonna

Fylkeseldrerådet i Hordaland er vorte kjend med at det frå Helse Fonn er sendt brev om oppnemning av representantar til brukarutvalet i HF. I brukarutvalet sitt møte 27. oktober vart eit slikt brev etterlyst av fylkeseldrerådet i Hordaland sin representant. Ein vart her kjend med at det frå 2015 skal vera ein felles representant frå fylkeseldreråda i Rogaland og Hordaland, men at brev om dette berre vart sendt til fylkeseldrerådet i Rogaland.

Dette tykkjer vi er underleg og ber om at eit slikt brev om oppnemning av representantar og vert sendt til fylkeseldrerådet i Hordaland snarast mogleg. Rådet skal ha møte 6. november og vil då handsame brevet. Tilbakemelding vert sendt straks saka er handsama.

Margot Bertheussen
Leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.